
Fra: Laila Bjørge
Sendt: mandag 1. februar 2021 08:59
Til: Postmottak Alver
Emne: VS: Planar for landbrukseigedom 11/2 i Alver

Hei

Kan de føra denne inn på sak som gjeldt GBNR 11/2 som står på meg.

Mvh Laila

Frå: Rune Lekven Skår <Rune.Skar@bkk.no>
Send: torsdag 28. januar 2021 11:33
Til: Laila Bjørge <laila.bjorge@alver.kommune.no>
Emne: SV: Planar for landbrukseigedom 11/2 i Alver

Hei igjen.

Eg ser du kan ha funne eit gamalt kart med plassering av dei opprinnelige bygningane. Dette har ikkje eg sett før.

Den næraste vegen er løa, som ikkje har vore der så lenge eg kan huske (1989). Grunnmurar og kjøyrebru var der, ein ynda plass for ungane å leike. Men farlig, så vi har fyllt den med stein, og er no ein planert oppstillingsplass. Klar for ei ny løe ?

Huset låg øverst, plassert tett i grensa til 11/3. Så eit nytt våningshus er tenkt flytta ca. 5m søraust av denne grunn. Her har vi gravd ut restane av tømmerhuset, huset stod rett på fjell. Men det er små inngrep som skal til for nytt fundament til eit våningshus utan kjeller. Det er planen.

Oppsummert. Hus på «løetomten» er lettvent, den er planert og masseutskifta, men kanskje problematisk i forhold til avstand til vegen.

Vi tenker den til «ein mindre viktig bygning», garasje/løe. Hus på same stad som før.

Eg kan gje utfyllande opplysninger undervegs i prosessen, og tek gjerne imot innspel.
Takk så langt :-)

Helsing Rune

Fra: Laila Bjørge <laila.bjorge@alver.kommune.no>
Sendt: mandag 25. januar 2021 13:22
Til: Rune Lekven Skår <Rune.Skar@bkk.no>
Emne: VS: Planar for landbrukseigedom 11/2 i Alver

Hei Rune

Eg er så vidt byrja å sjå på det du sendte, men vart veldig i tvil kor tunet på garden var og kor de har tenkt å eventuelt byggja huset. Kan du gje meg ei tilbakemelding på dette.



Mvh Laila Bjørge

Frå: Laila Bjørge

Send: onsdag 6. januar 2021 12:22

Til: Postmottak Alver <post@alver.kommune.no>

Emne: VS: Planar for landbrukseigedom 11/2 i Alver

Til føring, legg gjerne kopi til byggesak

Mvh Laila

Frå: Rune Lekven Skår <Rune.Skar@bkk.no>

Send: onsdag 6. januar 2021 11:56

Til: Laila Bjørge <laila.bjorge@alver.kommune.no>

Emne: Planar for landbrukseigedom 11/2 i Alver

Hei, og godt år:-)

Sender som avtalt eit brev om framtidige planer for landbrukseigedomen på Stranda.

Eg høyrer i frå deg om prosessen vidare.

Helsing Rune